



## VINDAFJORD KOMMUNE

Me er ein ung kommune. Me er stolte av staden vår.  
Me er sentralt plassert. Me er handlekraftige.

### Å jobba i kommunen er å jobba for folk.

Det finst ikkje ei meir spennande, variert eller mangfaldig bedrift som utfører (livs)viktige oppgåver for sine kundar!

### Vil DU bli med på det unike oppdraget?

Me ser mellom anna etter deg som har interesse og kompetanse innan velferdsteknologi, byggesak, kommunalteknikk, vatn og avlaup.

På kjøpet får du mange forskjellige fritidsaktivitetar, og ikkje minst unik natur. Vindafjord byr mellom anna på

- over 100 merka turar frå lette løyper til toppturar. Høgaste topp er 1016 m.o.h.
- 230 kilometer kystlinje med mange perler
- 11 friluftsområde frå sjø til fjell

# Vakre Vindafjord – mangfaldig og spennande!



## Helse

Har du helsefagleg utdanning eller bakgrunn? Me har to aldersinstitusjonar, bemanna bustadar innan psykiatri og funksjonshemming, helsestasjon, legekontor og psykiatrisk oppfølging.



For Game of Skills er me spesielt interesserte i deg som har interesse og kompetanse innan velferdsteknologi.



## Skapa eit samfunn

Planlegging og vedtak om struktur, bygningar og næringsliv er grunnleggjande for at vår kommune skal vera vital og sentral. Me har mellom anna ingeniørar, planleggarar og byggtekniske fagarbeidarar blant våre tilsette. Vindafjord har som mål å vera i framkant av utviklinga.

Vil du jobba med natur, bygg, miljø og samfunnsutvikling?

For Game of Skills er me spesielt interesserte i deg som har interesse og kompetanse innan byggesak, kommunalteknikk, vatn og avlaup, eller andre relevante utdanningar.

## Unik bedrift

Me er ei unik bedrift med stolte arbeidstakarar som kvar dag står på for at Vindafjord skal vera ein god kommune å bu og jobba i.

Våre kundar er innbyggjarane, og mangfaldet i oppgåver speglar at me utfører (livs)viktig arbeid for kundane våre frå dei er 0 til 100 år.

Som tilsett hos oss finn du også mange gode ordningar når det gjeld mellom anna kompetanseheving og arbeidstid.

- Likar du å jobba med menneske?
- Likar du å jobba med tal?
- Likar du å jobba med teknologi og digitalisering?
- Likar du å jobba med natur og landskap?



Vil du vera med på **det unike laget**? Søk jobb hos oss!

Ledige stillingar er lyst ut på [www.vindafjord.kommune.no](http://www.vindafjord.kommune.no)

